

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 4.juni 2014

Kopi: Hovudutval for samferdsle, møte 27. mai 2014

Ladepunkt for e-bilar langs fylkesvegane i Sogn og Fjordane

I FU den 14. mai vart det bedt om ein oversikt over ladepunkt for el-bilar langs fylkesvegane i Sogn og Fjordane.

Etter ein gjennomgang av tilgjengeleg informasjon om ladepunkt kjem vi fram til at det er 98 ladepunkt pr. mai 2014 i fylket. Det er under bygging 5 nye ladepunkt, som vil opne i 2014. Det går ikkje fram om ladepunkta er langs fylkesveg eller riksveg, då dei er plasserte ved bygningar/ parkeringsområde som ikkje nødvendigvis er lokaliserte til ein riks- eller fylkesveg. I dette notatet vil fylkesrådmannen legge fram status på utbygging av ladepunkt for el-bilar i fylket.

Utbygging av hurtigladestasjonar i Sogn og Fjordane

I 2013 vart det sett av kr. 400.000,- til utbygging av hurtigladarar på/i Eid, Førde, Skei og Florø. Fylkeskommunen stilte krav om at det vart søkt om støtte frå Transnova. Ladestasjonane måtte vere tilrettelagde for bilar som brukar Combo eller CHAseMO. I tillegg vart det stilt krav om eit normalladepunkt på kvar plass. I 2013 stilte fylkeskommunen følgjande krav til hurtigladestasjonane:

- Punkta i Førde og på Skei og Eid må liggje nær E39.
- Punktet i Florø er tenkt som eit pendlarpunkt, og plasseringa må vere deretter.
- Plasseringa må vere avklart med grunneigar.
- Plasseringa må vere ein naturleg møteplass.
- Plasseringa må vere på ein lett synleg stad i trafikkikker avstand frå vegen.
- Stasjonen må vere godt merka.
- Plasseringa bør vere på ein lite vêrutsett stad, som lett kan overvakast.
- Plasseringa må ha parkeringsplass for minst to el-bilar.
- Plasseringa må ha tilgang på tilgjengeleg nettkapasitet.
- Stasjonen må eigast og drivast av eit kompetent selskap.
- Betalingsløyisinga må kunne nyttast av alle.

Oppdatert strategi for hurtigladestasjonar i Sogn og Fjordane 2014

I møte den 2. februar 2014, sak 14/14, vedtok hovudutval for plan og næring følgjande oppdatert strategi for hurtigladestasjonar i Sogn og Fjordane:

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerande rolle i å få på plass hurtigladestasjonar i fylket, og bidreg til oppretting av hurtigladestasjonar ved sentrale knutepunkt eller strekningar.
2. I 2014 vert det sett av 400 000 kr i tilskot for å bidra til utbygging av hurtigladepunkt. Av desse dette vert det sett av 100 000 kr til hurtigladestasjon på Jølstraholmen og 300 000 kr vert lyst ut som tilskot for utbygging av ladestasjonar i Sogndal, Stryn og Lærdal.
3. Fylkeskommunen støttar ombygging av Tesla sin hurtigladestasjon i Aurland med inntil 50 000 kr.

4. Tilskot løyvd i 2013 på 100 000 kr til Grøn Kontakt for utbygging av hurtigladestasjon på Skei vert oppretthalde i 2014. Grøn Kontakt søker Transnova på nytt om støtte til hurtigladestasjon på Skei i Transnova si utlysing denne våren.
5. Kostnadane, total 450 000 kr, vert dekka av overførte midlar frå 2013 på tenesteområde 7163 Klima og miljø.
6. I budsjettprosessen for 2015 vert vidare finansiering av hurtigladestasjonar vurdert.

Definisjonar

Lading:	100 % lading av elbilen sitt batteri innan 8 timar.
Hurtiglading:	Inntil 80 % lading av elbilen sitt batteri innan 10-20 min. Nominell ladeeffekt over ca. 43 kW
Semihurtiglading:	Nominell ladeeffekt ca. 22 kW.

Type ladepunkt

- CHAdeMO = kontaktttype og ladeløysing for (semi)hurtig DC-lading, passar for f.eks. Nissan LEAF, Mitsubishi i-MiEV, Citroën C-ZERO, Peugeot iOn og Partner (ny versjon).
- Combo = ny kontaktttype og ladeløysing for (semi)hurtig DC-lading, dei første bilane vil være VW e-up! og BMW i3
- Type 2 = kontakt for (semi)hurtig AC-lading, komande elbiler som Tesla Model S og Renault Zoe kan nytte denne for raskare lading
- Tesla = deira eigen kontakt for hurtiglading av Model S

I Sogn og Fjordane er CHAdeMO og Combo dei mest vanlege ladepunkta.


Utbygging for heile landet

I følge NOBIL er det i dag 5097 ladepunkt landet sett under eitt.

Fylke	Ant. punkter	Utv. forrige kv.
Akershus	877	0.7%
Aust-Agder	134	0%
Buskerud	272	0%
Finnmark	16	0%
Hedmark	119	0.8%
Hordaland	720	2%
Møre og Romsdal	101	3.1%
Nord-Trøndelag	82	0%
Nordland	76	0%
Oppland	110	0%
Oslo	1306	0.9%
Rogaland	317	0%
Sogn og Fjordane	98	0%
Sør-Trøndelag	312	0%
Telemark	120	3.4%
Troms	33	0%
Vest-Agder	109	11.2%
Vestfold	97	0%
Østfold	198	2.6%
Total:	5097	1.1%

I Sogn og Fjordane er pr. mai 2014 98 ladepunkt fordelt kommunevis slik:

▼ Kommune	Ant. punkter	Utv. forrige kv.
Aurland	6	0%
Eid	8	0%
Fjaler	6	0%
Flora	1	0%
Førde	18	0%
Gaular	4	0%
Gulen	1	0%
Hyllestad	4	0%
Høyanger	4	0%
Jølster	8	0%
Leikanger	2	0%
Naustdal	2	0%
Sogndal	20	0%
Solund	2	0%
Stryn	2	0%
Vågsøy	10	0%
Total:	98	0%



For meir informasjon om desse ladepunkta, klikk på lenka under:

[Ladepunkt i Sogn og Fjordane, mai 2014](#)

Her finn ein tabellen som er vist ovanfor. Ved å klikke på ein av kommunane får du meir detaljert informasjon om ladepunkta i dei kommunane i Sogn og Fjordane som har ladepunkt.

Nye ladestasjoner i 2014

I 2014 er det planlagt utbygging av 5 nye hurtigladdestasjoner i Sogn og Fjordane.



Nordfjordeid

Sjøgata, Nordfjordeid

2 ladepunkt / CHAdeMO hurtig & Combo hurtig & Type 2 semihurtig

Eigar: Grønn Kontakt

Antatt klar: Juni 2014

På p-plass, baksiden av Eidsgata 65. Transnovastøtte. Offentlig tilgjengelig. Betaling.

Sandane

Grandavegen 9, Sandane

2 ladepunkt / CHAdeMO hurtig & Combo hurtig & Type 2 semihurtig

Eigar: Grønn Kontakt

Antatt klar: Juni 2014

Ved kommunehuset. Transnovastøtte. Offentlig tilgjengelig. Betaling.

Florø

Strandgata, Florø

2 ladepunkt / CHAdeMO hurtig & Combo hurtig & Type 2 semihurtig

Eigar: Grønn Kontakt

Antatt klar: Juni 2014

Ved krysset Skudalsvegen. Transnovastøtte. Offentlig tilgjengelig. Betaling.

Førde

Kronborgvegen 34, Førde

2 ladepunkt / CHAdeMO hurtig & Combo hurtig & Type 2 semihurtig

Eigar: Grønn Kontakt

Antatt klar: Juni 2014

Transnovastøtte. Offentlig tilgjengelig. Betaling.

Best Jølstrholmen

Vassenden

2 ladepunkt/CHAdeMO hurtig & Combo hurtig & Type 2 semihurtig

Eier: Best
Antatt klar: Juni 2014
Transnovastøtte. Offentlig tilgjengelig.

For meir informasjon, klikk på lenka nedanfor:

[Hurtigladekart](#)